

Årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen

onsdag 20. februar 2019, kl. 18.00 – 21.00

Sak 1 Velkommen / opning

Borghild Opdahl ynska velkommen. Tor Helge Totland og Eirunn N. Husby frå Juniorspelmanslaget spelte «Tripparen» og «Espelandsjenta».

Ein minutt stilla for heidersmedlemar som gjekk bort i 2018;. Kåre Herdlevær og Olav Ånneland.

Det var 24 frammøtte med røystrett og 1 utan røysterett.

Sak 2 Konstituering

2.1 godkjenning av innkalling

Vart send ut til alle medlemar den 18.01.18

Vedtak: Innkallinga vart samrøystes godkjend.

2.2 godkjenning av saklista

Vart send ut til alle medlemar den 18.01.18

Vedtak: Saklista vart samrøystes godkjend.

2.3 val av ordstyrarar

Vedtak: Arnvid Underlid og Øystein Erstad

Øystein takka for tilliten. Det er kjekt å vera funksjonær på årsmøtet.

2.4 val av skrivarar

Vedtak: Marit Kvamen og Gro Vetås

2.5 val av protokollunderskrivarar

Vedtak: Torbjørn Haukås og Jostein Bergheim

2.6 val av teljekorps

Vedtak: Eirin Tjøflot og Eldbjørg Gunnarson.

Sak 3 Årsmelding for 2018, med rapport for arbeidsprogrammet 2017-2018

Gunn Inger Sture la fram årsmeldinga. Ida Marie Rognsvåg la fram rapport for arbeidsprogrammet.

Det skjer mykje i laget - og det som skjer er bra. Me kan vera stolte over aktiviteten i laget. Det er vel verd å merke seg at medlemstalet har stige frå 220 i desember 2016, 271 i desember 2018, og at talet på medlemar under 14 år nesten har tredobla seg denne perioden.

Det laget kan læra frå arbeidet med arbeidsprogrammet, er at positiv omtale, engasjement, venskap og kjenskap rekrutterer nye medlemar, og at me difor må vere visse desse elementa. I tillegg må alle vere klar over korleis ein ynskjer nye deltakarar velkomen til laget, og det er alle sitt ansvar å syte for at desse blir tatt vel imot.

Tilråding frå Rådet den 12.02.19: Rådet er også i år imponert over aktiviteten, særleg mot barn og unge. Auken i medlemstal er positiv. Vedtak: Årsmeldinga vart tilrådd godkjent av årsmøtet.

Desse hadde ordet i saka: Rigmor Nesheim Vaular (endring på side 3: Alle instruktørane på rundomkurset vert skrive med etternamn.), Eldbjørg Gunnarson (punkt 20 representasjonar: ta med at me er representert i Bygdelagsnemndi) Knut Arne Vedaa (Punkt 20 representasjonar: rett dato for korkonkurransen er 9 juni), Ida Marie Rognsvåg (Punkt 20 representasjonar: Barnelaget deltok på Fylkesstemna for born 15.-17. juni).

Vedtak:

Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2018 for laget, og tek rapport om arbeidsprogrammet til vitande.

Sak 4 Rekneskap for 2018

Borghild M. Opdahl la fram rekneskapen for laget.

Me fekk ny versjon 19. februar. Balansen stemde ikkje i den første utgåva. Etter gjennomgang viste det seg at det var nokre feilføringar på stønader som var utbetalt i 2018, men skal nyttast i 2019. Desse har vortne overførte til 2019 rekneskapen. Difor er det reduksjon i inntekt frå første utgåva av rekneskapen som me fekk 7. februar.

Frode Myhra la fram rekneskapen for fond- og eigeomsstyret.

Tilråding frå Rådet den 12.02.19: Rekneskap og revisjonsmelding vart lagt fram. Balanse manglar. Samarbeidet med rekneskapsbyrået er stort sett bra, men dei leverte ikkje perioderekneskap til avtalt tid.

Posten Tilskot er auka mykje, hovudsakleg på grunn av samarbeidsavtale med Kulturskolen om undervisning. Dette medfører og auke i kostnader til Honorar.

Vedtak: Rekneskapen er tilrådd godkjend av årsmøtet, med atterhald om balansen.

Rekneskap for fonds- og eigeomsstyret vart lagt fram i rådsmøtet, godkjent av F&E-styret i møte 10.2, og revidert same dag.

Vedtak: Rekneskapen er tilrådd godkjent av årsmøtet.

Desse hadde ordet i saka: Torgrim Ljones og Ida Marie Rognsvåg.

Arnvid las revisjonsmeldinga pr. 11.februar. Balansen er ikkje klar, men revisorane tilrår Rådet å godkjenne, med atterhald om balansen.

Vedtak:

a. Årsmøtet godkjenner rekneskap for laget 2018, med atterhald om revisor si godkjenning i etterkant. Underskotet på kr. 231.488,- vert teke av eigenkapitalen.

b. Årsmøtet godkjenner rekneskap for fond- og eigeomsstyret 2018.

Eldbjørg frå Rådet – styret har gjort ein fenomenal jobb i år. Mykje aktivitet spanande aktivitetar.

Sak 5 Arbeidsprogram 2019-2020

Ida Marie Rognsvåg la fram saka. Styret ynskjer at laget skal ha fokus på lagsbygging og instruktørar.

Vedtak:

Årsmøtet vedtok arbeidsprogram for Bergen ungdomslag Ervingen, perioden 2019-2020.

Sak 6 Budsjett 2019

Gunn Inger Sture la fram budsjettet for laget.

Frode Myhra la fram budsjettet for fond- og egedomsstyret.

Tilråding frå Rådet den 12.02.19: Budsjett for laget vart lagt fram, basert på rekneskapstal frå 2018 og innspel frå særlaga. Inntekter frå Reservefondet er sett til 450.000,-, og budsjettet balanserer med dette tilskotet. Styret vil foreslå auke i aktivitetsavgift for 2020.

Vedtak: Budsjett for 2019 vart tilrådd godkjent av årsmøtet.

Desse hadde ordet i saka: Knut Arne Vedaa og Torgrim Ljones (salen i Gimle vert steng frå august og i tre månader på grunn av oppussing).

Vedtak:

- a. **Årsmøtet vedtek budsjettet for 2019 for laget.**
- b. **Årsmøtet vedtek budsjettet for 2019 for fond- og egedomsstyret.**

Kl. 19.25-19.45: Årsmøtet song «Tytebæret». Pause i årsmøtet. Rundstykke, kaffi og te. Årsmøtet song «Nordmannen».

Sak 7 Lovendringsframlegg:

- Endring av styringsføresegner for Bergen ungdomslag Ervingen
- Endring av føresegner for reservefondet til Bergen ungdomslag Ervingen

Borghild Opdahl la fram saka.

Rådet hadde saka opp på møta sine både 25. januar og 12. februar.

Desse hadde ordet i saka: Eldbjørg Gunnarson, Torgrim Ljones, Øystein Erstad, Frode Myhra og Stig Vaular.

Vedtak:

Årsmøtet vedtok alle styret sine framlegg til endringar i styringsføresegner for Bergen ungdomslag Ervingen.

Årsmøtet vedtok alle styret sine framlegg til endringar i reservefondet til Bergen ungdomslag Ervingen.

Sak 8 Medlemspengar 2020

Marit Kvamen la fram saka. Auka aktivitetsavgift i 2020. – på grunn av auka honorarsatsar for instruktørar.

Desse hadde ordet i saka: Rigmor Nesheim Vaular.

Vedtak: Vedteke mot ei røyst.

Medlemspengar 2020:

| | |
|------------------------------------|---------------|
| Vaksne | kr 700 |
| Barn og ungdom t.o.m. 26 år | kr 500 |

I tillegg kjem aktivitetsavgift for medlemar som deltek på ein eller fleire faste øvingar i laget; kr. 500,- pr. år. (250,- pr halvår)

Sak 9 Fråsegner

Ingen

Sak 10 Val

Eirin Tjoflot frå valnemnda la fram saka på vegne av valnemnda. Det har vore utfordrande å skaffa tillitsvalde. Nemnda har hatt fem møte og kontakt via e-post. Nemnda har fordelt styre og særlag mellom seg, og hatt ulike ansvarsoppgåver. Lagsstyret har vore største utfordringa. Det manglar lagsleiar og ein styremedlem, samt nokre medlemar i nemnder.

Vedtak:

Årsmøtet meiner at før ein vel lagstyret kan ein ikkje gjennomføra eit val.

Årsmøtet ynskjer at valnemnda får meir tid på seg, og sak 10 vert utsett til tysdag 5. mars kl. 18.00.

Framhald av årsmøtet vert tysdag 5. mars kl. 18.00

Desse hadde ordet i saka: Gunn Inger Sture, Stig Indrebø og Borghild M. Opdahl

**Framhald av årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen
tysdag 05. mars 2019, kl. 18.00 – 18.40**

Sak 10 Val

Det var 14 frammøtte med røysterett og ein utan røysterett. Arnvid Underlid var ordstyrar.

Eirin Tjoflot frå valnemnda la fram saka på vegne av valnemnda. Valnemnda har jobba godt og mykje og snakka med ein del kandidatar til leiarvervet. Det har diverre enno ikkje lukkast å finna ny lagsleiar. Eit alternativ er å velja styre med flat struktur, men då kjem ein av styremedlemane til å trekkja seg frå vervet sitt.

Desse hadde ordet i saka: Torgrim Ljones, Borghild Opdahl, Gunn Inger Sture, Marit Kvamen, Knut Arne Vedaa, Gro Vetås og Eirin Tjøflot.

Framlegg om å:

1. anten halda fram årsmøtet om to veker, og at valnemnda jobbar med å finna ein leiar, eller to styremedlemar, slik at styret vert fulltaleg
2. eller gje valnemnda fullmakt til å finna dei tillitsvalde som mangla i styret, og velja dei andre på møtet.

Vedtak, mot ei blank røyst:

Den nye valnemnda jobbar vidare med å skaffa lagsstyre. Det vert framhald av årsmøtet om to veker; tysdag 19. mars kl. 18.00

Årsmøtet valde desse tillitsvalde:

Rådet

| | | |
|-------------------|---------------------------------|-------------------------------|
| Leiar | Eldbjørg Gunnarson | På val, 1 år |
| Medlem | Sverre Sundvor | Ikkje på val, 1 år att |
| Medlem | Eli Randmo | På val, 2 år |
| Medlem | Stig Indrebø | Suppleringsval, 1 år |
| Medlem | Ingunn Skjelvan | På val, 2 år |
| Varamedlem | Hans Nyeggen | På val, 1 år |
| Varamedlem | Annbjørg Fadnes Kyrkjebø | På val, 1 år |

Fond- og egedomsstyret

| | | |
|---------------|------------------------|-------------------------------|
| Leiar | Arnvid Underlid | På val, 1 år |
| Medlem | Frode Myhra | Ikkje på val, 1 år att |
| Medlem | Oddrun Samdal | På val, 2 år |
| Medlem | Torgrim Ljones | Suppleringsval, 1 år |
| Medlem | Vegard Opheim | På val, 2 år |

Folkedanslaget

| | | |
|---------------|------------------------|-----------------------------|
| Leiar | Marit Kvamen | På val, 1 år |
| Medlem | Stig Indrebø | På val, 2 år |
| Medlem | Helge Svartveit | På val, 2 år |
| Medlem | Lina Hamre | Suppleringsval, 1 år |
| Medlem | | |

Ungdomsgruppa

| | | |
|--------|------------------|--------------|
| Leiar | Borghild Opdahl | På val, 1 år |
| Medlem | Emma Lirhus Miro | På val, 2 år |
| Medlem | | På val, 2 år |

Barnelaget

| | | |
|--------|--------------------|--------------|
| Leiar | Ida Marie Rognsvåg | På val, 1 år |
| Medlem | Yvonne Dahl | På val, 2 år |
| Medlem | Lise Bjørnen | På val, 2 år |

Kor e Tonen

| | | |
|--------|---------------------|------------------------|
| Leiar | Knut Arne Vedaa | På val, 1 år |
| Medlem | Daniela Gjermundnes | Ikkje på val, 1 år att |
| Medlem | Malin Heggedal | Ikkje på val, 1 år att |
| Vara | Marte Grønsveen | På val, 1 år |
| Vara | Elise Sannes | På val, 1 år |

Juniorspelemannslaget

| | | |
|--------|--------------------|------------------------|
| Leiar | Mikko Mikkonen | På val, 1 år |
| Medlem | Marianne Rønnestad | Ikkje på val. 1 år att |
| Medlem | Kjersti Mjør | På val, 2 år |

Audhilds

| | | |
|--------|----------------------|------------------------|
| Leiar | Eirin Tjøflot | På val 1 år |
| Medlem | Ida Marie Rognsvåg | Ikkje på val, 1 år att |
| Medlem | Haldis Marie Samland | På val, 2 år |

Hyttenemnda

| | | |
|--------|---------------|--------------|
| Leiar | Martin Nessen | På val, 1 år |
| Medlem | Stig Vaular | På val, 2 år |
| Medlem | Hans Nyeggen | På val, 2 år |

Ettersyn

| | | |
|--|---------------|--------------|
| | Halvor Røyset | På val, 1 år |
|--|---------------|--------------|

| | | |
|------------------|------------------------------|---------------------|
| | Steinulf Tungesvik | På val, 1 år |
| Vara | Torbjørn Haukås | På val, 1 år |
| Valnemnda | | |
| Leiar | Eirin Tjoflot | På val, 1 år |
| Medlem | Vegard Opheim | På val, 1 år |
| Medlem | Rigmor Nesheim Vaular | På val, 1 år |
| Medlem | Torbjørn Haukås | På val, 1 år |
| Medlem | Frode Myhra | På val, 1 år |

Selsvikklubben vel eigen leiar, Kvedargruppa og Skostredet spøt og slarv vel eigne kontaktpersonar. Årsmøtet gjev styret fullmakt til å peika ut nemndsmedlemmer til teaterlaget og Gimlingane etter trong. Utsendingar til ulike årsmøte og landsmøte: Lagsstyret får fullmakt til å skaffa all representasjon.

Borghild Opdahl heva møtet.
Møte slutt kl. 18.40

| |
|---|
| <p>Framhald av årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen tysdag 19. mars 2019, kl. 18.00 – 18.40</p> |
|---|

Sak 10 Val

Det var 8 frammøtte med røysterrett og ein utan røysterrett.
Arnvid Underlid var ordstyrar.

Val av lagsstyre.

Eirin Tjoflot, leiar i valnemnda innleia saka. Det har ikkje lukkast valnemnda i å finna ny lagsleiar.

Desse hadde ordet i saka: Rigmor Nesheim Vaular, Gunn Inger Sture, Eldbjørg Gunnarsson, Ida Marie Rognsvåg og Torgrim Ljones.

Vedtak:

Årsmøte vel lagsstyre utan leiar. Lagsstyret får fullmakt til å supplera seg sjølv, med godkjenning frå Rådet.

Lagsstyret

Leiar

På val, 1 år

| | | |
|-------------------|---------------------------|-------------------------------|
| Medlem | Ida Marie Rognsvåg | Ikkje på val, 1 år att |
| Medlem | Lars F. Smaaberg | På val, 2 år |
| Medlem | Marit Kvamen | Ikkje på val, 1 år att |
| Medlem | Einar Hegland | På val, 2 år |
| Varamedlem | Irene Bjørke | På val, 1 år |
| Varamedlem | Gunn Inger Sture | På val, 1 år |
| Varamedlem | Eirin Tjøflot | På val, 1 år |

Marit Kvamen og Gro Vetås

Torbjørn Haukås

Jostein Bergheim